



Det kongelige Kulturdepartement

Postboks 8030 dep
0030 OSLO

Aksdal 30.10.2014

STATEN OG DEN NORSKE KYRKJE –EIT TYDELEG SKILLE

Tysvær kyrkjelege fellestråd takkar for at me får uttale oss om endringa mellom staten og Den norske kyrkja. Spørsmål om overføring av arbeidsgjevaransvar og oppretting av nytt rettssubjekt er viktig for den norske kyrkja.

Tysvær kyrkjelege fellestråd(TKF) støttar at det vert oppretta eit nytt kyrkjeleg rettssubjekt og at arbeidsgjevaransvaret for prestane vert overført til dette. Men me skulle helst sett at ein hadde unngått denne fasen, for at alle kyrkjeleg tilsette fekk ein felles arbeidsgjevar frå starten av. Me meiner at denne mellomfasen bør vere heilt til kommunane har gjennomført kommunesamanslåingane som no vert planlagt. Det vil då vera enklare å sjå kva for forvaltningsnivå arbeidsgjevar ansvaret for kyrkja bør ligge på, og kva for nivå som er robust nok til å ta imot dette ansvaret. Det vil vera enklare å jobbe med spørsmålet om kyrkjeordning når me veit meir om korleis kommunegeografien vil sjå ut.

TKF meiner at det nasjonale rettssubjektet må vera Kyrkjemøtet og ikkje Den norske kyrkja. TKF er glad for at det einskilde sokn sitt sjølvstende vert slått fast i dokumentet. Sokneråd og kyrkjeleg fellestråd held fram med dei same oppgåvene som tidlegare. Men det betyr samstundes at det ikkje vert overført nye oppgåver til soknet i denne omgangen. Kyrkjemøtet sitt signal har vore å styrkja soknet og å utvikla kyrkjeordninga i retning av at større mynde vert overført til soknet. TKF saknar signal om dette i dokumentet.

TKF støttar at det vert klargjort i lovteksten at soknet skal tenast av prest, men me finn det utilstrekkeleg formulert når det ikkje vert sagt noko om kva for rettar soknet har til medverknad og involvering når det gjeld innhald og omfang av prestetenesta. Det kan sjå ut som at det i hovudsak er sentrale organ som skal leggja rammer og styring for denne tenesta. Me er og noko spørjande til at det skal bestemast i lova kva for ordning heile linja prest – (prost) – biskop skal ha. Dette vil setta grensar for kyrkjemøtet si handsaming av kyrkjeordninga.

For å halde fast på dei vanlege ansvarsforholda i arbeidslivet vil TKF rå til at disiplinærvedtak vert gjort av ansvarleg arbeidsgjevar, slik det vert gjort både i kommune og fylkeskommune. Eit eige klageorgan gjev eit uryddig og uklart system for partane. Arbeidsmiljølova varetek omsynet til arbeidstakar, som det også gjer for dei andre tilsette i kyrkja. Me meiner at det er uheldig å laga ulike system for ulike tilsette i kyrkja.

Høyringsnotatet legg opp til at Kyrkjemøtet kan delegera oppgåver “nedover, men delegasjonen stoppar ved prosten. Det kan dermed ikkje delegerast oppgåver til soknet. Dokumentet foreslår og at soknet sine organ kan be bispedømerådet om å ivareta oppgåver. Dette inneber, slik me ser det, ei sentralisering. Eit forsøk med felles arbeidsgjevaransvar på kyrkjeleg fellestråd sitt nivå kan dermed ikkje prøvast ut, men eit tilsvarande forsøk på bispedøma sitt nivå kan realiserast.

TKF er uroa for at innføring av eit generelt rammetilskot til kyrkja ikkje seier noko om staten si plikt til å legge til rette for trusopplæring for alle døypte. Finansieringa av trusopplæringa bør omtalast på ein meir forpliktande måte.

Under avsnittet om meirverdiavgift les vi: «vil ikke departementet foreslå noen ordning for kompensasjon for merverdiavgift for en fristilt kirke». Det er uklart om dette gjeld lokalkyrkja eller berre sentral-leddet. For soknet, vil refusjon av meirverdiavgift vere særskild viktig. Vi vil på det sterkaste tilrå at kyrkja både lokalt og sentralt får halda på ordninga med fritak av meirverdiavgift.

TKF merkar seg at høyringsnotatet seier noko om at kyrkja i dag ikkje har tilstrekkeleg kapasitet innan personalforvaltning og økonomi. Det er særdeles viktig at det følgjer tilstrekkelege økonomiske rammer med overdraginga av verksemda.

Til slutt vil TKF understreke at nytt lovverk må resultere i flest mulig ressursar lokalt. Nokon har tidlegare uttalt: «Det som ikkje skjer lokalt, skjer ikkje». I alt arbeid må lokalkyrkja komme styrka ut.

TKF ser med uro på ei kyrkje som fort blir svært topptung med eit stort byråkrati både på nasjonalt nivå (kyrkjerådet) og på regionalt nivå (bispedøma). På fleire områder er det i dag overlapping / dobbelkjøring av oppgåver på begge desse nivåa. Eks er gravplassforvaltning, valordning og kyrkjebyggsaker. Nokre av disse stillingane kan med fordel takas vekk/ reduseras eller flyttas til lokalt nivå (sokneråd/ fellesråd/ justert prosti).

Me ser det og som svært viktig at det kjem midlar til trusopplæring. For trusopplæring vil me og presisere at lokalkyrkja må sitte igjen med den største delen av midlane.

Me har tru på at kyrkja lokalt er best tent med ein struktur som er nær nok, samtidig som den er robust nok til å sikre kompetanse og bærekraftig forvaltning, og at den har felles arbeidsgjevaransvar for alle kyrkja sine tilsette.

Med helsing

TYSVÆR KYRKJELEGE FELLESRÅD



Eva Birkeland
Kyrkeverje